



Her stoppa ferda, men den gjekk først til Uskedalen (Foto: Kvinnheringen)

Litt før klokka ni i dag gjekk ein eldre cabincruisar på land i Skeishagen i Rosendal. Båtføraren, som var åleine om bord, skal vera uskadd. Båten prøvde først å komma seg i land i Uskedalen, opplyser Kvinnheringen

–Vi fekk melding litt før klokka ni om at ein båt hadde gått på land rett sør for Rosendal, og at det rauk godt frå båten, fortel lensmann Jan L. Fosse, og legg til at dei straks fekk kalla ut Torgils Vaage frå brannvernet og kystvakta som tilfeldigvis låg i Rosendal.

– Røykdykkarar frå kystvakta kom seg kjapt om bord, tok hand om båtføraren, og fekk sløkt brannen i maskinrommet. Seinare vart båtføraren overlatt til politiet, og då det er mistanke om at han har ført båt i rusa tilstand, har vi køyrt han til lege for blodprøve. Kystvakta sjekka om båten har fått nokon lekkasje etter landkjenninga, og han vart trukke av grunn i løpet av føremiddagen.

Frå operasjonssentralen har vi og fått melding om at det grytidleg i dag var ein cabincruisar som prøvde å koma seg til land i Uskedalen, men som gav opp og for vidare, og det viser seg at det var same båten, fortel lensmannen.